

NORSK HESTESENTER

# Nøkkeltal om dei nasjonale hesterasane

RAPPORT FOR 2020



# INNLEIING

Årsrapport for nasjonale hesterasar har vore skrive og utgiven av Norsk Hestesenter sidan 2018 og dette er med det den fjerde i rekka. Rapporten gir oversikt over status på forskjellige fokusområde frå handlingsplanen for dei nasjonale hesterasane dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest for 2011-2020, samt status for kaldbladstravar. Målet med rapporten er å gi ein oppdatert tilstandsrapport for hesterasane og fungere som eit referansedokument for dei som arbeidar med og for desse rasane.

Statistikken som vert presentert i rapporten er i hovudsak basert på talgrunnlag frå Norsk Hestesenter.

Året 2020 vart eit spesielt år, også for hestebransjen. Covid-19 pandemien og nasjonale tiltak knytt til denne gjorde at mykje av den organiserte aktiviteten som utstillingar og sportsarrangement vart avlyst, utsett eller måtte endre form og dermed famna om færre. Pandemien påverka òg ulike typar planlagde samlingar og kursverksemnd. Årets nøkkeltalsrapport er difor noko tynnare og innehold i hovudsak tal for og informasjon om avlsgodkjenning av hingstar, avlssesongen 2020 og resultat av avlssesongen 2019. Statistikk om sport og aktivitet er utelatt i årets rapport grunna mange avlyste arrangement.

Norsk Hestesenter  
Lena, 29.03.2021

Cecilie G. Skaug  
Direktør/rektor

Therese Selle  
Fagrådgjevar, avl

# INNHOLD

<b>Populasjonsparametere avl</b>	<b>4</b>
Tilgjengelige avlsdyr	4
<b>Avlsesongen 2020</b>	<b>5</b>
Hestar nytta i avl	5
Alder på avlsdyr	5
Rapportering frå hoppeeigarar	7
Fruktbarheit	7
Innavl	11
Innrapportring frå hesteeigarar	12
<b>Avlstiltak i rasene</b>	<b>13</b>
Rasespesifikke tiltak	13
<i>Landslaget for Dølahest</i>	13
<i>Norges Fjordhestlag</i>	13
<i>Landslaget for nordlandshest/lynghest</i>	13
<i>Det Norske Travselskap</i>	14
Norsk Hestesenter	14
Unge hopper i avl	14
Testparing på nett	14
Hoppeprosjektet	14
Utstillingar	19
Avlsgodkjenning av hingstar	19
Hoppe, vallak og unghest	20
<b>Finansiering av avlsarbeidet</b>	<b>21</b>
Avls-/prosjektmidlar frå NHS	21
<i>Fokus Unghest</i>	21
<i>Subsidiering av hestepass</i>	21
Andre tilskot	21
<b>Vedlegg 1</b>	<b>22</b>

# POPULASJONSPARAMETER AVL

Dette kapitelet omhandlar potensiell avlspopulasjon for rasane, bruk av hingstar og hopper i førre sesong, samt langsigktige trendar i bedekningstal og følprosent.

I følgje Norsk Hestesenter og Det Norske Travselskaps databasar er den totale populasjonsstørrelsen på om lag 4000 dølahestar, 6000 fjordhestar, 3000 nordlandshest/lyngshestar og 18600 kaldblodstravarar i Norge ved utgangen av februar 2021. Dette er total populasjonsstørrelse, definert som hestar fødd 1991 – 2020, inkludert

vallakar, og som ikkje er meldt døde til registeret. Talet må ikkje forvekslast med tilgjengeleg avlspopulasjon som vert omtalt under.

## TILGJENGELEGE AVLSDYR

Tilgjengelege avlsdyr er her definert som alle registrerte hopper og ukastrerte hingstar fødd frå 2001 – 2020. Dei nasjonale rasane sin tilgjengelege avlspopulasjon er på om lag 2300 dølahestar, 2600 fjordhestar, 1500 nordlands-/lyngshestar og 8500 kaldblodstravarar (Tabell 1).

*Tabell 1. Tal på og gjennomsnittsalder for levande hingstar og hopper født 2001-2020 for dei fire nasjonale hesterasane.  
Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselskap*

Rase	Hingstar	Snittalder	Hopper	Snittalder	Totalt
Dølahest	803	9,4	1457	10,2	2260
Fjordhest	856	9,7	1707	10,8	2563
Nordlandshest/lyngshest	500	8,3	998	10,1	1498
Kaldblodstravar	2394	7,6	6038	9,7	8432

Talet på hestar i kvar rase som bidreg i avlen er atskilleg lågare og er oppgitt i tabell 2. For dølahest er det 14,5 % av den tilgjengelege avlspopulasjonen som bidreg i avlen, medan dei respektive tala er 12,6 % for fjordhest, 14,3 % for nordlandshest/lyngshest og 10,1 % for kaldblodstravar. Gjennomsnittsalder for levande hopper og hingstar fødd frå og med 2001 er 9,8 år for dølahest, 10,3 år for fjordhest, 9,2 år for nordlandshest/lyngshest og 8,7 år for kaldblodstravar.



*Fryd er fødd i 2014, og er under den gjennomsnittlige alderen for hopper av rasen nordlandshest/lyngshest. Biletet er frå utstilling på Starum hausten 2020.*

# AVLSSESONGEN 2020

## HESTAR NYTTA I AVL

Tabell 2 syner talet på hingstar som vart nytta i avlssesongen 2020, talet på bedekte hopper og tal på bedekningar totalt. Avvik mellom tal på bedekte hopper og tal på

bedekningar totalt kjem av at ei hoppe kan være bedekka med fleire hingstar. Alle fire rasane har ein svak auke i bedekningstal samanlikna med fjorårets sesong. Langsiktige trendar kan lesast i figur 4-7.

Tabell 2. Tal på bedekningar for dei nasjonale hesterasane sesongen 2020, tal frå fjorårets sesong i parentes.

Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselskap

Rase	Hingstar	Bedekte hopper	Bedeckningar
Dølahest	49 (48)	280 (248)	284 (252)
Fjordhest	54 (41)	271 (247)	276 (253)
Nordlandshest/lyngshest	48 (45)	166 (151)	167 (151)
Kaldbloodstravar	60 (64)	792 (764)	854 (822)


Det vart bedekka færrest nordlands-/lyngshestar og flest kaldbloodstravarar i 2020, medan dølahest og fjordhest har ganske like tal bedekningar og ligg mellom dei to først-nemnde. Dølahest, fjordhest og nordlands-/lyngshest har alle auka talet på hingstar som vert nytta. Dette er positivt med tanke på genetisk variasjon. Kåringa av nye hingstar vart noko utradisjonell dette året grunna covid-19 pandemien, og det vart kåra uvanleg mange hingstar i nokre av rasane. Det er svært heldig med tanke på genetisk variasjon at mesteparten av desse hingstane vart nytta. Kaldbloodstravar nyttar forholdsvis få hingstar på eit større tal hopper, noko som er negativt med tanke på innavlsutvikling. I tillegg stig gjennomsnittsalderen på brukte hingstar i den rasen (Figur 1), noko som tydar på at dei eldre hingstane vert mykje brukt og dermed får veldig store genetiske bidrag i populasjonen. Noko som heller ikkje er positivt med tanke på genetisk variasjon.

## ALDER PÅ AVLSDYR


Gjennomsnittsalderen på hingstar brukta i avlen har i år har gått ned for alle rasar unntatt for kaldbloodstravar samanlikna med året før (Figur 1 neste side). Fjordhest har den største nedgangen i snittalder, grunna god bruk av unge hingstar (Figur 2 neste side). For hoppene har ikkje snittalderen endra seg noko særleg. Trenden i alle fire rasar er at alderen på hoppene som går i avl er relativt høg. Nordlandshest/lyngshest viser ein svak nedgang i snittalder på hoppene, noko som gjenspeilast av at dei i større grad nyttar unge hopper (Figur 2).



Figur 1. Gjennomsnittsalder for hingstar og hopper brukt i avl i sesongen 2020, samanlikna med sesongen 2019, fordelt på rase og kjønn. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 2. Bruken av unge dyr i avlen, presentert som prosent av bedekningar totalt i sesongen 2020.  
Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselskap



”


Følprosent er definert som tal fødde føl av tal på bedekningar året før og kan nyttast som eit mål på fruktbarheit i ein populasjon.

## RAPPORTERING FRÅ HOPPEEIGARAR

Norsk Hestesenter er avhengig av innrapportering frå hesteeigarar for å ha pålitelege data. Særskilt viktig er data om resultat av bedekningar då talgrunnlaget vert nytta til å overvaka utviklinga i rasane med omsyn til fruktbarheit, blant anna. Innrapportering av resultat av bedekning var

i år på 79 % for dølahest, 98 % for fjordhest, 93 % for nordlandshest/lynghest og 89 % for kaldbloodstravar (Figur 3). Både dølahest, fjordhest og nordlandshest/lynghest har ein liten nedgang samanlikna med året før, medan kaldbloodstravaren viser ei auke i innrapportering.

*Figur 3. Utvikling i del innrapporterte resultat av bedekningar siste fem år for dølahest, fjordhest, nordlandshest/lynghest og kaldbloodstravar fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter*



## FRUKTBARHEIT

Følprosent er definert som tal fødde føl av tal på bedekningar året før og kan nyttast som eit mål på fruktbarheit i ein populasjon. I tabell 3 er detaljar for resultat frå bedekningssesongen 2019 presentert. Fjordhest har ikkje rapportert inn korkje dødfødde føl eller at følet døde etter fødsel, men har høgare tal tomme hopper enn dei andre rasane. Elles er rasane ganske like på årsaker til at det ikkje vart føl.

Dølahest har ein lav del bedekningar med resultat i forhold til totalen, men her manglar informasjon om ein del bedekningar og det er dermed ikkje sikkert at talet er representativt. Basert på innrapporterte tal har dølahest ein følprosent på 57 % (Figur 4), noko som er ein auke frå året før og bringer rasen tilbake på det nivået rasen har lugge stabilt på over tid. Fjordhest har ein følprosent på 60 % (Figur 5) og er med det på omtrent same nivå som året før etter å ha hatt eit par år med stigning i følprosenten.

Nordlandshest/lynghest har ein følprosent på 73 % også i år (Figur 6). Kaldbloodstravar har ein auke i følprosent og ligg på 64 % i sesongen 2020 (Figur 7).

For å ha så mykje informasjon som mogleg vart det gjort undersøkingar for å finne ut meir om dei bedekningar det ikkje var rapportert inn resultat på. Det gjaldt 51 bedekningar i rasen dølahest, 9 bedekningar i fjordhest, 11 i nordlandshest/lynghest og 99 i kaldbloods. Me tok direkte kontakt med eigarane av dei hoppene der det mangla resultat i rasane fjordhest og nordlandshest/lynghest. Det gjorde at ein fekk inn resultat på nær alle (Tabell 3). I dei to andre rasane var det for mange individ til at det var ein overkommeleg framgangsmåte.

Nærare undersøking når det gjaldt kaldbloodtravar viste at 26 av hoppene var døde etter tidspunkt for bedekning. Mange hopper var òg bedekt med fleire hingstar. Der

ein av desse bedekningane hadde ført til eit levande føl, kunne ein anta at hoppa var tom i dei andre tilfella. Dette gjaldt 38 bedekningar. Dette var òg tilfelle på éin dølahest. For dølahest har ein ikkje klart å finne noko informasjon på dei øvrige 47 bedekningane det manglar informasjon om, anna enn at ingen av dei har resultert i registrert føl. 18 kaldblods hopper var eksportert til Sverige etter bedekning og 14 av desse hadde fått føl der. I tillegg er det fem norskfødde kaldblodsføl som er påbegynt registrering,

men der resultatet av bedekninga ikkje er rapportert inn og farskapet er ukjend. Om ein inkluderer desse resultata har kaldblodstravar ein følprosent på 66 %.


Etter desse undersøkingane kjenner ein utfallet av 81 % av bedekningane på dølahest, 99 % på både fjordhest og nordlandshest/lyngshest, og 98 % på kaldblodstravar (Tabell 3).

*Tabell 3. Detaljert oversikt over resultat av bedekningar i 2019 for dølahest (D), fjordhest (F) nordlandshest/lyngshest (N/L) og kaldblodstravar (K). Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselskap*


Rase	Hoppa døydde	Manglar info.	Dødfødd føll	Følet døydde	Kasta	Kasta tvillingar	Resorbert	Tom	Levande føl
D	2	47	7	5	10	2	1	31	149
F	2	2	0	0	10	2	2	84	154
N/L	0	1	2	1	7	1	2	27	110
K	31	13	8	5	22	0	3	201	553*

\*14 av desse er født i Sverige, men bedekka i Norge.


*Figur 4. Utvikling i tal bedekte hopper, fødde føl og korresponderande følprosent siste 20 år for dølahest.*  
Kjelde: Norsk Hestesenter




**Figur 5. Utvikling i tal bedekte hopper, fødde føl og korresponderande følprosent siste 20 år for fjordhest.**  
 Kjelde: Norsk Hestesenter



**Figur 6. Utvikling i tal bedekte hopper, fødde føl og korresponderande følprosent siste 20 år for Nordlandshest/Lynghest.**  
 Kjelde: Norsk Hestesenter



*Figur 7. Utvikling i tal bedekte hopper, fødde føl og korresponderande følprosent siste 20 år for kaldbloodstravar.*  
*Kjelde: Det Norske Travselskap.*



Drektigheitsprosent er eit mykje brukt mål på fruktbarheit i andre populasjonar. Metoden forutset at dyret vert drektigheitsundersøkt ved ultralyd. Dette er lite utbreidd på dei nasjonale rasane og me veit derfor lite om kor mange som vert drektige, men resorberer fosteret tidleg i drektigheita. Eit grovt anslag på drektigheitsprosent kan likevel gjerast ved å legge saman alle resultat som indikerer at hoppa har vore drektig (Tabell 3), og dele på totalen unntatt der hoppa døde eller informasjon manglar. Ved å gjere dette så får ein drektigheitsprosent på 85 % på dølahest, 67 % for fjordhest, 82 % på nordlandshest/lyngshest


og 74 % på kaldbloodstravar. Merk at ved bruk av denne metoden vil mange ukjende resultat gi eit falskt positivt utslag på drektigheitsprosenten. Med unntak av dølahest er tala meir eller mindre uendra frå året før. Talet for kaldbloodstravar var høgare i fjar, truleg grunna eit høgare tal hopper der resultat av bedekning var ukjend. Om drektigheitsundersøking ved ultralyd vert teken meir i bruk vil ein kunne oppnå mykje sikrare tal på drektigheitsprosent og ta det meir i bruk som eit mål på fruktbarhetsstatus i dei nasjonale rasane.

## INNAVL

Overvaking av innavlssituasjonen er svært viktig i små populasjonar. Om ein skal ha moglegheit til å iverksetja tiltak ved behov er kontinuerleg overvaking nødvendig. Innavlsutviklinga gir oss òg eit bilet på om avlssstrategiar og -politikk for å unngå innavl i rasane har ønska effekt. Innavlsgrad er den enkelte hest sin innavlsgrad og er

ein mål som i seg sjølv ikkje gir mykje informasjon om populasjonen sin innavlssituasjon. Det som er viktig er endringa i gjennomsnittleg innavlsgrad per år eller generasjon. Innavlsutviklinga per år for dei nasjonale hesterasane dei siste 50 åra er presentert i figur 8.

*Figur 8. Utvikling i innavlsgrad siste 50 år for dølahest, fjordhest, nordlandshest/lynghest og kaldbloodstravar fordelt på årgang.  
Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselskap*



Dølahest har ein nedgang i sin gjennomsnittlege innavlsgrad på føl født i 2020 og ligg på 13,08 %, men trenden dei siste åra viser ein auke. Fjordhest og nordlandshest/lynghest har hatt stabile tal på gjennomsnittleg innavlsgrad over ganske lang tid, men viser ein svak auke dette året. Fjordhest har i 2020 ein gjennomsnittleg innavlsgrad på 8,12 % og nordlandshest/lynghest på 12,68 %. Kaldbloodstravar har hatt ein stadig auke i innavlsgrad over tid

og har ein liten auke også i 2020 og ligg på 8,54 %. Sistnemnde har frå 2020 innført tiltak for å unngå bedekningar med for nært beslektta dyr, i form av tilskot direkte til oppdrettar dersom foreldre til avkommet ikkje har felles besteforeldre<sup>1</sup>.


1. <https://www.travsport.no/Naring-og-Avl/>

## INNRAPPORTERING FRÅ HESTEEIGARAR

For å ha så oppdaterte databasar som mogleg har Norsk Hestesenter dei siste åra hatt økt fokus på innrapportering av døde og kastrerte hestar. Figur 9 syner utvikling i innrapporterte døde hestar dei siste fem åra. I 2020 har innrapporteringa gått noko ned for både dølahest og

nordlandshest/lyngshest, medan fjordhest har auka ein del. Tala antas å gjenspeile naturlege svingingar. Sidan fjordhest er størst i tal individ er det naturleg at det vert innrapportert fleire døde av denne rasen enn rasar som er mindre i talet.


*Figur 9. Tal hestar innrapportert som døde per år, fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter*



Av figur 10 kan ein sjå at det har vore ein nedgang i innrapporterte kastrerte hingstar frå 2019 til 2020. Det samsvarar med at føregåande år hadde Norsk Hestesenter i samarbeid med raseorganisasjonane sterkt fokus på å få oppdatert registeret. Etter ei slik opprydding er det natur-

leg at innrapporteringa går noko ned då det ikkje lenger ligg så mange hestar i databasen med feil kjønn. Ein kan no anta at innrapportering i større grad representerer faktiske tal på kastrasjonar det siste året.

*Figur 10. Tal hestar innrapportert som kastrerte per år, fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter*



# AVLSTILTAK I RASANE

## RASESPESIFIKKE TILTAK

Dei nasjonale rasane vart, i likskap med andre hesterasar, kraftig påverka av finanskrisa for 10 år sidan. Då covid-19 pandemien slo inn over Norge for fullt ynskte avlsorganisasjonane denne gongen å være tidleg på banen for å freista motverke eventuelle fall i bedekningstal og forventa økonomiske konsekvensar som følgje av pandemien.

Avlsorganisasjonane innførte eller vidareførte følgande avlstimulerande tiltak i sesongen 2020, både med hen-syn på å motverka eventuelle negative effektar av pandemien, og for å stimulere til fleire fødde føl og redusere innavl.

### Landslaget for Dølahest

- Hingstehaldarar vart oppmoda til å være med på ein dugnad ved å redusere bedekningsavgifta med kr 1000. Til gjengjeld subsidierte LD hingstehaldarane med kr 500 per hoppe for å dekke tapt inntekt. [Nytt av året]
- Hingstar som var i sin første eller andre bedekningsse-song fekk tilskot på kr 1000 per hoppe. [Nytt av året]
- Hingsteeigarar som transportere hingstar over større avstandar for å virke i eit anna område fekk tilskot på kr 2000 per 500 km reise. Føresetnaden var at hingsten berre bedekte dølahopper eller allereie typegodkjente kaldbladshopper og hadde minst fem hopper i sesongen. [Nytt av året]
- Hoppeeigarar fekk kr 500 i tilskot per 500 km reise der som dei måtte frakte hoppa til hingstar som stod langt unna. [Nytt av året]
- Tilskot for hopper som vart sleppt i Sikkilsalen på kr 1500. Dette tilskotet utelukka andre tilskot. Tilskotet vart gitt under følgande føresetnadar; at innavlsgrad for avkom etter hoppe og hingst ikkje oversteig 16,1 og at hoppa kunne vise til minst eitt avkom på dei siste tre bedekningar. [Nytt av året]

### Norges Fjordhestlag

- Midlar til leige av 3-, 4- og 5-årshingst  
Lag tilslutta Norges Fjordhestlag og semin ved Norsk Fjordhestsenter vert oppmoda om å søkje støtte til leige eller kjøp av 3-, 4- og 5-årshingst. Søknad vert vurdert ut frå ei geografisk plassering for desentralisert fjordhestavl, avlsmessig breidde og bruk. Søknaden må vere grunngjeven. [Vidareført]
- Midlar til 3-, 4- og 5-årshopper  
Etter søknad vert det gjeve tilskot til bedekning av 3, 4 og 5 år gamle hopper. I 2020 kunne også ikkje-premierete hopper få tilskot, grunna mangel på moglegheiter til å stille hest i år. [Endra]

- Midlar til hopper med lang avstand til hingst  
Det er høve til å søke om stønad til dekking av utgifter ved sending av sæd frå Norsk Fjordhestsenter til hopper i Nordland og Troms og Finnmark. Det er og høve å søkje om stønad transport av hopper med lang avstand til hingst og med over 500 km frå seminstasjonen til Norsk Fjordhestsenter. [Vidareført]
- Norges Fjordhestlag vedtok for 2020 å nytte avlsmidlar til å leige inn Myras Monrad, ein hingst som kunne bidra med ei spesiell stamme og farge(grått) til populasjonen. Dette vart gjort i samarbeid med Norsk Fjordhestsenter og deira seminstasjon, slik at hingsten vart tilgjengeleg for hoppeeigarar over heile landet. Myras Monrad stod på seminstasjonen til 01.07.20 og gjekk deretter i slepp i Romsdalen i regi av Søre Romsdal Fjordhestlag. Hopper som kom til seminstasjonen eller vart med i sleppet vart subsidiert over avlsmidlane med ein reduksjon i bedekningsavgift på kr. 1000. [Endra]

### Landslaget for nordlandshest/lynghest

- Gratis annonsering i hingstekatalogen for alle avlsgodkjente hingstar. [Nytt av året]
- Bedekningstilskot for alle bedekte hopper (med unntak av dei som fekk tilskot gjennom hoppeprosjektet) på kr 1000. [Nytt av året]
- Hoppeprosjektet vart endra slik at alle hopper som oppfylte krava i prosjektet vart tildelt eit tilskot på kr 2000. Føresetnaden for å få tildelt tilskot var at hoppa ikkje kunne ha fleire enn to registrerte avkom frå før, hoppa kunne ikkje være mor til kåra avlshingst og kombinasjonen med hingst kunne ikkje gi høgare innavlsgrad for avkom enn snittet for populasjonen på 12,5. [Endra]
- Oppdrettarar som registrerte fleire enn tre føl i 2020 fekk dekka registreringsavgift frå og med fjerde føl. [Nytt av året]
- Oppdrettarar som bedekka to eller fleire hopper i 2020 får registrert samlege føl gratis i 2021. [Nytt av året]
- Ei ordning der hoppeeigarar registrerte hopper som var tilgjengelege for bestillingsføl og det vart formidla kontakt med potensielle kjøparar av føl. [Nytt av året]
- Transportstøtte til avlshingstar som vart frakta minimum 500 km kvar veg, som ikkje hadde meir enn 15 registrerte avkom frå før og hadde slepp med minimum 3 og maksimum 10 hopper. [Vidareført]
- Hamningstilskot til hingstar som ikkje hadde meir enn 15 registrerte avkom og hadde slepp med minimum 3 og maksimum 10 hopper. [Vidareført]

## Det Norske Travselskap

- Det vart utbetalt kr 7000 til eigarar av alle hopper (både varm- og kaldblodstravar) som vart konstatert drektig av veterinær gjennom ultralydundersøking i løpet av året 2020, minimum 35 dagar etter siste bedekning/inseminering. Utbetaling forutsette at det vart sendt inn stadfesting frå veterinær til DNT og at følet vert registrert i DNT. [Vidareført]
- Norskfødde kaldblodsføl som vert registrert som levande fødd i DNT i 2021 som resultat av paringar der forldre ikkje har felles besteforeldre (ikkje tettare paring enn 3+4 eller 4+3), gir kroner 3000 i tilskot til oppdrettar, i tillegg til bedekningstilskotet. [Nytt av året]

## NORSK HESTESENTER

### Unge hopper i avl<sup>2</sup>

I eit forsøk på å få fleire unge hopper inn i avlen sette Norsk Hestesenter i 2018 i gang eit prosjekt som gav redusert pris på registrering av føl etter hopper som vert bedekt som treåringar. Prosjektet omfatta dei tre rasane som NHS fører register for. Sesongen 2020 er den siste sesongen i prosjektet og detaljerte resultat kan presenterast neste år. Om ein ser på bruken av tre år gamle hopper så har nordlandshest/lyngshest hatt ein betydeleg auke frå førre år, fjordhest noko reduksjon samanlikna med året før, medan tala for dølahest er omtrent som året før.

## Testparing på nett

Etter lanseringa av innavlsverktøyet EvA på nett i 2019 har hesteeigarar no moglegheit til å undersøkja kva innavlsgraden for planlagde avkom vert. På den måten kan dei aktivt ta del i og bidra til at avlspolitikken i sin respektive rase vert overholdt. I løpet av 2020 var det 1567 besøk på nettsida som fører til testparing på nett<sup>3</sup>. Det fortel ikkje nøyaktig kor mange testparingar som er gjort i databasen, men det gir ein indikasjon på at verktøyet har vorte teken i bruk av mange.

## Hoppeprosjektet


Hoppeprosjektet<sup>4</sup> var eit samarbeidsprosjekt mellom raseorganisasjonane til dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest og Norsk Hestesenter. Prosjektet hadde ei varigheit på tre år (2017-2019) og vart finansiert over prosjektmidlar. Målet var å identifisere spesielt interessante hopper med tanke på slektskap til populasjonen og sørge for at desse hoppene vart bedekka med hensiktsmessige hingstar basert på dei to individua sine eigenskapar og innbyrdes slektskap.

2. <https://www.nhest.no/unge-hopper-i-avl.6214149-467706.html>

3. <https://nhest.custompublish.com/testparing.511377.no.html>

4. <https://www.nhest.no/hoppeprosjekt-2019.6215469-467706.html>

Figur 11. Bedekte treårshopper av tilgjengelege i årgangen, fordelt på årgang og rase.



Etter endt prosjektperiode har alle organisasjonane vald å vidareføra prosjektet for sine respektive rasar, men i noko ulik form. Det er vanskeleg å seie på noverande tidspunkt på om desse avkomma får positiv innverknad på den totale slektskapen i populasjonen. Svært få av dei er vist på unghestutstilling, men 2021 er året kor den første årgangen i prosjektet kan møte på avlsmeritterande

utstilling. Under vert det presentert resultat frå prosjektet per rase.

Dølahest hadde 8 hopper som deltok i 2018, kor av 4 fekk føl. I 2018 deltok 16 hopper og det vart fødd 7 føl som resultat av bedekningane i dette prosjektet. I 2019 deltok 16 hopper og det vart fødd 7 føl.

**Tabell 4. Oversikt over kombinasjonar i hoppeprosjektet for dølahest i 2017-2019, avkommets innavlsgrad, kjønn og farge.**  
Kjelde: Landslaget for Dølahest/Norsk Hestesenter

Bedekningsår	Hoppe	Hingst	Innavlsgrad avkom	Kjønn	Farge
2017	Elvamaja	Skjåk Balder	12,99	Hoppe	Svart
2017	Dalalilja	Lendas Hektor	9,82	Hingst	Brun
2017	Storøy Lenda	Skraaruds Eldølen	12,33	Hoppe	Brun
2017	Carola	Lendas Hektor	12,21	Hoppe	Mørk brun
2018	Tresa Ella	Midtgards Svarten	9,80	Hingst	Rød
2018	Sælid Embla	Stjerne Gut	13,30	Hoppe	Huskbrun
2018	Maulands Oda	Skogstadbron	12,50	Hingst	Svart
2018	Skrims Snella	Krogsrud Forstmann	12,47	Hoppe	Svart
2018	Ullins Maifrid	Tylldølen	11,12	Hoppe	Svart
2018	Dala Jentao	Morka Bron	12,91	Hoppe	Brun
2018	Lilill	Tresa Svarten	13,10	Hingst	Svart
2019	Elstads Blåtroja	Skarv Tor	11,51	Hingst	Blå
2019	Brustad Raui	Smedsmo Mynt	11,49	Hoppe	Rød
2019	Ustuzally	Tresa Svarten	8,07	Klapphingst	Brun
2019	Lykke	Tresa Svarten	12,37	Hoppe	Svart
2019	Herborg	Tresa Vårvind	13,68	Hingst	Brun
2019	Veslelill	Laagendølen	12,28	Klapphingst	Brun
2019	Elstad Aksi	Åsen Balder	15,56	Hingst	Svart



*Myras Monrad vart i 2020 nytta som seminhingst. Foto: Karine Mathilde Kristiansen*

Fjordhest hadde 10 hopper som deltok første året og det resulterte i 6 fødde føl. I 2018 deltok 13 hopper og det vart fødd 8 føl, i 2019 deltok 14 hopper og det vart fødd 8 føl. Det er to bedekningar her som skil seg litt ut i forhold til innavlsgrad på avkommet. Den eine er grunngjeven med at det var den beste tilgjengelege hingsten innanfor det

geografiske området hoppa befann seg, og i det andre tilfelle var grunngjevinga at det kunne bidra med fargevariasjon i populasjonen. I sesongen 2020 valde NFL å nytta midlane til å leige inn ein hingst med spesiell stamme og gjorde denne tilgjengeleg for heile landet gjennom samarbeid med seminstasjonen på Norsk Fjordhestsenter.

*Tabell 5. Oversikt over kombinasjonar i hoppeprosjektet for fjordhest i 2017-2019, avkommets innavlsgrad, kjønn og farge.  
Kjelde: Norges Fjordhestlag/Norsk Hestesenter*

Bedekningsår	Hoppe	Hingst	Innavlsgrad	Kjønn	Farge
2017	Turboline Vidvei	Fjell Finn	7,3	Hoppe	Lys brunblakk
2017	Lunfrid Av Tveit	Herlig	6,2	Hoppe	Lys brunblakk
2017	Enya	Heggnes Balder	5,1	Hoppe	Lys brunblakk
2017	Løvstads Vinja	Rudsmo Robin	10,8	Hingst	Ulsblakk
2017	Nordbustad Guro	Tord Dorteson	7,7	Hingst	Brunblakk
2017	Helgvild	Fjell Finn	8,3	Hingst	Lys brunblakk
2018	Nistugas Villrosa	Gorm Vårby	5,24	Hoppe	Lys brunblakk
2018	Fjell Frøy	Heggnes Balder	8,76	Hingst	Lys brunblakk
2018	Flatbys Elinor	Lunner Per	7,26	Hoppe	Lys brunblakk
2018	Hartveit Seira	Høigaards Nicko	8,14	Klapphingst	Lys brunblakk
2018	Bakkebruna	Toregårdens Caiser	8,44	Vallak	Lys brunblakk
2018	Finslands Litagrå	Birkelid Tullen	6,45	Hingst	Grå
2018	Riana	Røeds Nupar	7,72	Hingst	Ulsblakk
2018	Lille My	Myras Viking	7,62	Hingst	Brunblakk
2019	Ronjas Ylva	Helgprins	7,95	Hingst	Lys brunblakk
2019	Aas Tina	Silverjo	7,86	Hingst	Brunblakk
2019	Stas Lilja	Toregårdens Caiser	7,7	Hingst	Lys brunblakk
2019	Grålind	Lille Ulrik	8,15	Hingst	Brunblakk
2019	Samlands Åsa	Lyheims Leik	12,79	Hingst	Raudblakk
2019	Rakne Porsi	Søljo	8,27	Hoppe	Brunblakk
2019	Fritzgards Mira	Lille Ulrik	7,42	Hingst	Ulsblakk
2019	Linn	Lille Ulrik	6,82	Hoppe	Ulsblakk

Nordlandshest/lyngshest hadde 4 hopper som deltok første året og tre av dei fekk føl, året etter vart det føl etter alle fire hoppene som deltok i prosjektet, i 2019 deltok

5 hopper og det resulterte i 3 fødde føl. I sesongen 2020 valde LNL å gi tilskot til alle hopper som oppfylte kriteria for deltagning i prosjektet, utan søknad.

*Tabell 6. Oversikt over kombinasjonar i hoppeprosjektet for nordlandshest/lyngshest i 2017-2019, avkommets innavlsgrad, kjønn og farge. Kjelde: Norsk Hestesenter/Landslaget for nordlandshest/lyngshest*

Bedekningsår	Hoppe	Hingst	Innavlsgrad	Kjønn	Farge
2017	Skomedals Bella	Gudmundgards Ailo	10,83	Hingst	Svart
2017	Tufte Ramira	Svarvar Flott	11,53	Hoppe	Rød
2017	Hellands Hansine	Elverhøys Vamp	12,83	Hoppe	Svart
2018	Sørgards Eir	Solvoll knekten	11,1	Hoppe	Rød
2018	Eike Stjernedåkkå	Boysens Audun	10,8	Hoppe	Sølvsvart
2018	Storhaugens Hufsa	Harbos Frøy	12,7	Hingst	Rød
2018	Adeles Evita	Fjellyng	12,42	Vallak	Brun
2019	Nordlis Skadi	Haugar Roran	11,64	Hingst	Rød
2019	Solstad Milla	Solvoll Knekten	10,87	Hingst	Gul
2019	Junitulla	Bifrost	10,45	Hingst	Borka

“

Kåring av hingstar av de nasjonale rasane kunne ikke gjennomførast i si tradisjonelle form grunna nasjonale restriksjonar knytt til covid-19.

## UTSTILLINGAR

### Avlsgodkjenning av hingstar

Kåring av hingstar av de nasjonale rasane kunne ikke gjennomførast i si tradisjonelle form grunna nasjonale restriksjonar knytt til covid-19. Avlsorganisasjonane valde noko ulike løysingar for å tildele ei midlertidig avlsgodkjenning til unge/ikke tidlegare viste hingstar slik at dei kunne bidra inn i avlen i 2020. Hingstar som skulle vore inne til utvida bruksprøve, eller eldre hingstar som skulle inn til siste visning fekk avlsgodkjenning for 2020 og forskjøve visning til våren 2021. Under er det beskrive kva løysingar dei ulike organisasjonane valde.

### Dølahest

Landslaget for Dølahest haldt ei fysisk, men noko forkorta visning av hingstar som ikke tidlegare var kåra eller premiert. Hingstane måtte gjennomføre veterinaerundersøking på førehand, men viste køyreprøve og vart vurdert av eit dommarlag på utstillingsplassen. Det vart vist 19 hingstar, kor 14 vart kåra. Dei fekk karakterar på eksteriør men vart ikkje rangert. Køyreprøven vart bedømt til bestått/ikke bestått. Dei som vart godkjende fekk kåringgrad for 2020, og må inn til utvida bruksvurdering i 2021 for vidare avlsgodkjenning.

### Fjordhest

Norges Fjordhestlag bestemde at alle hingstar meldt til førstegangvisning fekk ei midlertidig avlsgodkjenning for

2020 under føresetnad om godkjend veterinærattest.

Alle hingstane måtte gjennomføre ei helseundersøking, utført av lokal veterinar. Utstillingsveterinær på Nordfjordeid og leiar i kåringssnemda vurderte deretter helseattestane for å sikre at hingstane som vert satt i avl oppfyller krava i avlsplanen for helse, haldbarheit, avteikn og diskvalifiserande lidingar. Etter vurdering av helseattestane vart 26 av 27 melde hingstar godkjend for avl i 2020.

Dei godkjende hingstane fekk tildelt kvote på 5 hopper for 2020. Hingstar som vart leigd eller kjøpt av eit lokallag fekk kvote på 20 hopper.

### Nordlandshest/lynghest

Landslaget for nordlandshest/lynghest bestemde at alle hingstar meldt til førstegangvisning fekk ei midlertidig avlsgodkjenning for 2020 basert på vurdering av veterinærattest og testing for sølgen. Det vart godkjent 18 hingstar for avlssesongen 2020 med ein hoppekvote på 5 hopper kvar. Hingstane må møte til ordinær vurdering i 2021 for vidare avlsgodkjenning.

### Kaldbloodstravar

Det Norske Travelskap, som også til vanleg held si kåring på hausten, haldt ei ordinær men noko forkorta kåring på Biri Travbane i oktober. Det var meldt inn 17 hingstar og 11 av dei vart kåra.




## Hoppe, vallak og unghest


Alle utstillingar første halvår vart avlyst grunna covid-19. Tala er derfor ikkje samanliknbare med tal frå tidlegare år. Men det vart vist litt hestar på hausten. I skrivande stund ligg det an til at òg årets sesong kjem til å verte påverka

av covid-19 tiltak. Av den grunn og for å kunne analysere eventuelle etterverknadar vert tala her presentert saman med tal frå tidlegare år. Det vart vist totalt 201 unghestar av nasjonal rase (Figur 12), med overvekt av fjordhestar. Det vart vist 124 vaksne hopper (Figur 13) og 14 vallakar.

Figur 12. Tal unghestar vist på utstilling siste ti år fordelt på utstillingsår og rase. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 13. Tal vaksne hopper vist på utstilling siste ti år fordelt på utstillingsår og rase. Kjelde: Norsk Hestesenter



\* Alle utstillingar første halvår vart avlyst grunna covid-19.

\* Alle utstillingar første halvår vart avlyst grunna covid-19.

# FINANSIERING AV AVLSARBEIDET

Her gir me ei kort oversikt over finansiering av avlsarbeidet frå Norsk Hestesenter, samt midlar som kan søkjast over jordbruksoppgjernet.

## AVLS-/PROSJEKTMIDLAR FRÅ NORSK HESTESENTER

Norsk Hestesenter finansierer fleire avlstiltak og prosjekt i dei enkelte avlsorganisasjonane for alle rasar som dei har ansvar for.

Frå og med tildeling i 2020 vart retningslinjene for tildeiling av midlar til avlstiltak vedtatt endra. Fram til 2019 var det slik at organisasjonane kunne søkja om midlar til konkrete prosjekt, men frå og med 2020 vert organisasjonane tildelt ein fast sum utan søknad. Dette er under føresetnad om at bruk av midlane vert rapportert i samsvar med gitte retningslinjer. Landslaget for Dølahest, Norges Fjordhestlag, og Landslaget for nordlandshest/lyngshest vert tildelt 200 000 årleg, medan Det Norske Travselskap vert tildelt 100 000 kr. Overskytande midlar etter fast tildeiling er gjort vert tilgjengeleg som midlar organisasjonane kan søkja om til spesifikke prosjekt.

For 2020 var totalramma på desse midlane sett til 1 128 000 kr. Det vart totalt tildelt 950 000 til dei nasjonale rasane i 2020 (Vedlegg 1). Vedlegget gir ei meir detaljert oversikt over tildelinga av midlar. Merk at dette ikkje gir ei fullstendig oversikt over alle tiltak i rasane då ein del av desse er eigenfinansiert og for enkelte tiltak kan det være overført midlar frå tidlegare år.

## Fokus Unghest

I 2019 vart det vedtatt at Fokus Unghest skulle finansierast som eit spleiselas mellom avlsorganisasjonane og dei nasjonale sentra. Dette inneber at 50 000 kroner av midlane

som vert utbetalt til avlsorganisasjonen skal gå direkte til drift av fokus unghest. Dei tre nasjonale hestesentra Norsk Fjordhestsenter, Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest og Norsk Hestesenter skal bidra med ytterlegare 50 000 kvar. Det senteret som til ei kvar tid innehavar sekretariatfunksjonen skal bidra med arbeidsinnsats i staden for reine midlar. Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest innehavar for tida denne funksjonen. Med denne ordninga har Fokus Unghest eit minimumsbudsjett på kr 250 000 årleg.

## Subsidiering av hestepass

Norsk Hestesenter bidrar direkte til den enkelte oppdrettar gjennom subsidiering av registrering og utferding av pass for dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Ordinær pris for hestepass var i 2019 kr 1505 medan oppdrettarar av desse rasane som registrerer hesten innan frist satt i Forskrift om identifikasjon av dyr av hestefamilien<sup>5</sup>, betalte kr 1200.

I tillegg får hesteeigarar som bedekker si treårshoppe i perioden 2018-2020 gjennom prosjektet «Unge hopper i avl» ein ytterlegare reduksjon i pris på hestepass slik at totalkostnad for pass til avkom etter disse hoppene kjem på kr 500.

## ANDRE TILSKOT

Eigarar av unghestar av rasane dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest kan søkja midlar over jordbruksoppgjernet<sup>6</sup>.

5. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010-04-28-631>

6. [https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2732005/NIBIO\\_RAPPORT\\_2021\\_7\\_42.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2732005/NIBIO_RAPPORT_2021_7_42.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

**Tabell 7. Tal på unghestar og produsentar med unghest i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase 2017-2020. Tilskotsordninga vart etablert i 2017 og hesterasar som er beretigga tilskot er fjordhest, dølahest og nordlandshest/lyngshest.**  
Kjelde: Produksjonstilskuddsordningen, Landbruksdirektoratet

	2017	2018	2019	2020
Antall unghester registrert i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase	501	563	646	684
Antall produsenter med unghest registrert i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase	268	310	349	348
Prosentvis endring mellom år i antall unghester i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase		11 %	13 %	6%

# VEDLEGG 1

Tabell 8. Utbetalte midlar til avlsorganisasjonane for dei nasjonale rasane frå NHS i 2020. Område er knytt til område i handlingsplan for nasjonale hesterasar. Kjelde: Norsk Hestesenter

Prosjekt/tiltak	Område	Beløp i kr
Hoppeprosjekt	Bevaring av genetisk variasjon	120 000 <sup>7</sup>
Skeid	Aktivitet og bruk	30 000 <sup>8</sup>
<b>Totalt fellesprosjekt</b>		<b>150 000</b>
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Fokus Unghest	Utdanning	50 000
<b>Dølahest totalt</b>		<b>200 000</b>
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Fokus Unghest	Utdanning	50 000
<b>Fjordhest totalt</b>		<b>200 000</b>
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Fokus Unghest	Utdanning	50 000
Blodbankprosjekt	Helse og genetiske lidingar	50 000
<b>Nordlandshest/lyngshest totalt</b>		<b>250 000</b>
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	100 000
Det Norske Travselskap	«Til start» (utdanning)	50 000 <sup>9</sup>
<b>DNT Totalt</b>		<b>150 000</b>
<b>Totalt tildelte midlar for 2020</b>		<b>950 000</b>

7. Midlane vart likt fordelt mellom LD, NFL og LNLH

8. Øyremerka felles samling for dommarar og arrangørar i 2021

9. Tiltaket omfattar òg nordlandshest/lyngshest



